

7

ØVING \ SEKSUELLE OVERGREP OG VALDTEKTSMYTAR

FORKLARING:

1. Undervisaren går gjennom temaet valdtekt og seksuelle overgrep.
2. Undervisaren presenterer éin og éin myte/påstand.
3. Undervisaren leier ein klassesdiskusjon omkring konsekvensane av slike mytar/påstandar.

MYTAR:

- Det er berre valdtekt dersom det blir brukt vald.
- I de fleste tilfella er ikkje intensjonen til overgriparen å valdta, men personen klarer berre ikkje å kontrollere den seksuelle drifta si.
- Risikoen er størst for å bli valdteken av ein framand i mørket.
- Somme som blir valdtekte, har ofte gjort noko for å hamne i ein slik situasjon.
- Mange kvinner melder valdtekt falskt fordi dei angrar på å ha hatt sex.
- I ei valdtektssak er det viktig å vurdere kor mange partnerar den utsette har hatt tidlegare.
- Det er viktig å vite kva den valdtektsutsette hadde på seg.
- Det er fort gjort at overgrep skjer når ein drikk.
- Kvinner har eit ansvar for å ikkje gå heim åleine i mørket.
- Det er ikkje valdtekt dersom ein er kjærastar eller «held på».
- Dersom begge har samtykt til sex, gjer det ikkje noko at den eine parten er under 16 år.
- Ei sovevaldtekt er mindre alvorleg enn ei overfallsvaldtekt.
- Personar som lang tid etter hendinga påstår å ha blitt valdtekte, har mest sannsynleg funne på det.
- Dersom ein ikkje gjer motstand, er det ikkje ei valdtekt.
- Ei valdtekt kan berre skje mellom menn og kvinner.
- Det er ikkje eit overgrep dersom hen får utløyising/kjem.
- Dersom den eine parten berre teasar (freistar) den andre, men ikkje eigentleg ønskjer å ha sex, må hen ta konsekvensen.
- Valdtektsutsette har ein tendens til å overdrive kva ei valdtekt er.